

Strategi 2025-2028

Sunnfjord Utvikling AS



Vår ambisjon

- Sunnfjord Utvikling skal vere eit verkemiddel for kommunane og næringslivet i regionen for å bidra til ei positiv utvikling gjennom eit berekraftig næringsliv og attraktive lokalsamfunn.
- Vi i Sunnfjord Utvikling skal vere pådrivaren og bidra til å løfte regionen framover. Vi skal skape og løfte i lag med andre om å vere attraktive og levedyktige.
- Skal regionen lukkast må vi prioritere dei knappe ressursane vi har til å løfte fram og bygge opp under **drivarane** i regionen. Med drivarar meiner vi aktørar/næringsliv som har ein marknad utover Sogn og Fjordane. Desse tilfører ressursar utanfrå inn til regionen, og legg grunnlag for anna næringsliv.
- Naturressursane våre er eit viktig grunnlag for å utvikle eksisterande og nye **drivarar**, vi må evne å balansere både utvikling og vern for å skape ein berekraftig region framover som innbyggjarar og næringsliv ynskjer å etablere seg og bli.

Vi skal: **Styrke samarbeidet og utvikle drivarane i regionen**



Vi vil bidra til ei berekraftig utvikling

Berekraft integrert i ny selskapsstrategi

- Vi påverkar økonomi, miljø og folk. Difor er dette relevant for oss.
- Berekraftsmåla skal vere vårt kompass i vårt samfunnsoppdrag, og skal vi lukkast krev det haldningsendringar, kunnskap og omstilling.
- Dette er berekraftsmåla som treff vårt oppdrag best.



Våre berekraftsmål



Menneske

Sunnfjord Utvikling er ein aktiv del av lokalsamfunnet. Vi bidrar til verdiskaping og positiv samfunnsutvikling gjennom å skape grunnlag for nye arbeidsplassar og styrke dei som allereie er etablert. Vi er med på initiativ som kjem alle i lokalsamfunnet til gode, t.d. satsing på kveldsøkonomi. Vi set også lys på og løftar emne som mangfald, utdanning, trivsel og tilhøyre.



Innovasjon

I Sunnfjord skal vi bidra til å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig. Det betyr å bruke ressursar meir effektiv og auke bruken av reine, miljøvenlege teknologiformer og industriprosesser. Fysisk, digital og kompetanseretta infrastruktur må vere på plass for at samfunnet skal fungere for alle.



Lokalsamfunn

Sunnfjord har dyktige folk og miljø og vi likar å samarbeide med lokale aktørar. Flesteparten av våre leverandørar er heimehøyrande i Sunnfjord-regionen. Vi legg vekt på å vere ein aktiv og positiv medspelar og pådrivar for berekraftig utvikling for alle som kjem i kontakt med oss.



Samarbeid

For å lukkast med berekraftsmåla, trengst det sterke partnerskap. Styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Skal vi lukkast med å tiltrekke oss folk og løyse demografiutfordringar, så må alle bidra. Difor legg vi også sterkt vekt på å dele våre nettverk og samarbeide med andre. Vi bidrar inn i andre sine prosjekt og inviterer andre inn i våre, både praktisk og økonomisk. Dette er ein berebjelke i vår arbeidsmetode.

Strategi Sunnfjord Utvikling 2025-2028

Ambisjon

- Arbeide for å realisere satsingane i strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune
- Arbeide for å realisere større industrisatsingar og ei spissa satsing mot andre **drivarar** i regionen, som regionale og nasjonale offentlege aktørar
- Utvikle eit selskap med hensiktsmessig selskapsstruktur – rigga for satsingar og finansiering

Strategiske prioriteringar

Styrke organisering, kompetanse og kommunikasjon

- Tilpasse organisering og selskapsstruktur for å realisere større satsingar og finansieringsmoglegheiter
- Styrke kompetansen og fagrolla som utviklingsaktør og utvikle eit sterkare økosystem rundt selskapet for å sikre realisering av større satsingar
- Styrke kommunikasjonsarbeidet gjennom kunnskapsformidling om prosjekt og satsingar i regionen
- Sikre god forankring av aktiviteten og satsingar hjå eigarar og næringsliv

Realisere HUB for Minerals og Invest in Fjordane

- Sikre etablering og utvikling av HUB for Minerals AS
- Utvikle HUB rolle i Grøn Region Vestland
- Utvikle industriklynge og nasjonalt kompetansemiljø på mineralnæring
- Styrke satsinga på Invest in Fjordane

Fundament

Våre prioriterte berekraftsmål - menneske, innovasjon, lokalsamfunn og samarbeid

Våre verdiar er - ekte, engasjerte, handlekraftige



IBDO

tett på